



GOL OG HEMSEDAL

Kyrkjeblad

Nr. 3

Juni 2018

69. årgang

INNHALD

Min salme2

Å øves i takknemlighet3

Gardsbesøk hos Golberg4

Glimt frå trusopplæringa4

Gardsbesøk hos Solbakken5

Tårnagentene på jakt5

Vigsling av Diakon6

Konfirmanten7

Du ska høyre mykje! 8-9

Kunngjeringar 10

Gudstenester 11

Skinnomtrekking 12



Eivind Hustad med lam

MIN SALME

OLA JORDHEIM



Ola Jordheim har vakse opp på ein gard i Hemsedal. Han vart utfordra av Ole Martin Anderdal om å velje ei salme, den utfordringen tek han.

Du bur i Trondheim, kva gjer du der, Ola?

Eg er på 2.året på ein bachelorgrad i maskin på NTNU. Eg er glad i å være ute i naturen, gjerne med litt fart og intensitet. Utanfor studiet brukar eg mesteparten av tida mi på skigåing.

Kva er din favorittsalme, og kvifor vel du akkurat den?

Me unge i dag er stort sett ikkje veldig bevandra i salmeverdenen. Men er det ein salme eg har eit spesielt forhold til så er det "Deg være ære". Den vart spelt i gravferda til Gofa, som var min fyrste gravferd med ein person i nær familie. Eg er usikker på om det er teksten, melodien eller ein kombinasjon som råka, men hugsar eg fann trøyst i den salma.

TEKST: KJELL SLÅTTEN

DEG VÆRE ÆRE

T A.Fjeldberg

M G.Fr.Händel

*Deg være ære, Herre over dødens makt!
Evig skal døden være Kristus underlagt.
Lyset fyller haven, se en engel kom,
åpnet den stengte graven, Jesu grav er tom!*

*Refr.: Deg være ære, Herre over dødens makt.
Evig skal døden være Kristus underlagt.
Se, Herren lever! Salige morgenstund!
Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn.
Jubelroper runger; Frelseren er her!
Pris han, alle tunger, Kristus Herre er!*

Refr.: Deg være ære....

*Frykt ikke mere! Evig er han med.
Troens øye ser det; Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære, seier er hans vei.
Evig skal han regjere, aldri frykter jeg.*

Refr.: Deg være ære

GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

Antall nr.: 6 nummer i året

Utgjevar: Sokneråda i Gol og Hemsedal prestegjeld

Redaksjon: Kjell Slåtten, Kjetil Th Storebråten, Sølvi Larsen Aalrust (red.),
Gunnar Rudningen, Kristine Viko, Anders Solbakken,
Ludvig Munkejord.

Ekspedisjon: Kyrkjekontoret 3550 Gol

Kasserar: Arne Oddmund Tuv, 3560 Hemsedal.

Bankgiro: Sparebank 1 Hallingdal 2367.60.00097

E-post: oaalrust@online.no

GOL, HERAD OG HEMSEDAL

GOL KYRKJEKONTOR

Ekspedisjonstid månd – fredag 9.00–15.00

Gol kommunehus 3. etg. Tlf: 32 02 90 00
kyrkja@gol.kommune.no www.gol.kyrkja.no

Kyrkjevevjerje: Anne Gerd Jorde

Dir.tlf. 32 02 91 35 • Mobil: 971 58 134
anne.gerd.jorde@gol.kommune.no
Fridag torsdagar.

Sokneprest: Jan Olav Skinnemoen

Dir.tlf. 32 02 91 37 • Mobil: 952 75 312
jan.olav.skinnemoen@gol.kommune.no
Måndag: Fridag.

Diakon: Martha Frøyland

Dir.tlf. 32 02 91 38 • Mobil: 476 27 663
martha.froyland@gol.kommune.no

Organist: Justin Vickery

Tlf. 474 75 580 • justin.vickery@gol.kommune.no
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00

Sekretær: Thorunn Haugo

Tlf. 32 02 91 39
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no
Kontortid: annakvar måndag, tysdag,
onsdag og torsdag.

Kyrkjetenarar:

Ludvig Munkejord Tlf.: 911 22 763

Knut Ole Klepp Tlf.: 906 58 761

Trusopplærar for Gol og Hemsedal:

Britt Marie Haraldset Hafsås Tlf. 951 22 136
(Delvis permisjon - arbeider 50%)

Vikar Gol: Gerd Eli Berge Tlf 415 08 155

gerd.eli.berge@gol.kommune.no

HEMSEDAL KYRKJEKONTOR

Ekspedisjonstid månd – torsdag 9.00–15.00
fredag 9.00–12.00

Hemsedal kommunehus Tlf. 31 40 88 45
kyrkjekontoret@hemsedal.kommune.no
www.hemsedal.kyrkja.no

Kyrkjevevjerje: Kjetil Th. Storebråten

Kontortid: Måndag–tors: 9.00–15.00
fre: 9.00–12.00
Tlf: 31 40 88 45 Mob: 908 21 745
kjetil@hemsedal.kommune.no

Sokneprest: Camilla Osnes

Mobil: 977 15 677 Måndag: Fridag.
camilla.osnes@hemsedal.kommune.no

Organist: Kjersti Hagen

Tlf: 902 45 535
kjers10@yahoo.com

Kantor:

Peter Rødel

Tlf: 950 49 045
kape10@hotmail.no

Kyrkjetenar:

Wilfried Westera

Tlf. 971 09 922
wilfriedwestera@live.nl

Gravplassen:

Hans Vidar Sørensen

Tlf: 911 76 827

Sokneråda:

Herad:

Leiar Gunn Astrid Frøysok

Tlf. 990 34 376

Gol:

Leiar Trygve Lono Smedsgård

Tlf.: 900 63 161

Hemsedal:

Leiar Unni Bjørke

Tlf: 906 54 701

Fellesråda:

Gol:

Leiar Laila Andersen Bakke

Tlf. 412 57 350

Hemsedal:

Leiar Unni Bjørke

Tlf. 906 54 701

Ynskjer du å gje ei gåve til kyrkja:

Hemsedal: 2367.20.49482

Gol: 2324.20.01354

Herad: 2324.62.05795



Å ØVES I TAKKNEMLIGHET

ANDAKT

AV CAMILLA OSNES

Det er ikke alltid like lett å huske på å stoppe opp og se hva vi har og hva vi har å være takknemlige for. For noen av oss kommer det lettere enn for andre. På solskinsdager og dager hvor vi opplever gode ting er det lett å være takknemlig. Dager der vi kjenner mørke tar oss er vanskeligere. Når vi erfarer sykdom, smerte eller sorg, er takknemlighet fort ikke det ordet vi bringer opp i våre tanker.

I Salmenes bok finner vi en god del lovprisninger og takk til Gud. I salme 9 står det: «Jeg vil takke deg, Herre, av hele mitt hjerte. Jeg vil fortelle om alle dine under.» I salme 118 står det: «Takk Herren, for han er god, evig varer hans miskunn.»

Paulus begynner nesten alltid brevene sine med å takke Gud og mottakeren av brevet. I Timoteus skriver Paulus: «Jeg takker stadig for deg og husker på deg natt og dag i mine bønner til Gud.» I Filipperbrevet står det: «Jeg takker alltid min Gud når jeg tenker på dere, og alltid, i alle mine bønner, ber jeg for dere alle med glede.»

Takknemlighet, det er noe jeg får inntrykk av Paulus er god på. Jeg blir alltid så fascinert og noen ganger også litt irritert på mennesker som har den evnen til å alltid takke, uavhengig livssituasjon. Det er forbilledlig irriterende!

Forsking viser at et liv preget av takknemlighets gjør deg lykkeligere. Dersom man lever et liv med takknemlighet over det man har, fremfor det man kunne ønske man hadde, så gir det trolig et bedre liv.

Det er fort gjort, midt opp i alt det vonde å tenke bare på det vonde. Samtidig kan det også bli påtatt å forsøke å takke hele tiden. Det kan fort bli for mye av det gode også! Det er ikke bare godt å alltid være super takknemlig hele tiden. Det kan være usunt å være takknemlig, uten å ha kontakt med sine følelser. Likevel trenger vi av og til å øves i takknemlighet. For kunsten å tenke positiv er kanskje nettopp kunsten å være takknemlig?

Ignatius, en av kirkefedrene har en åndelig praksis som består i å avslutte dagen med å se tilbake på dagen og takke og be til Gud. Praksisen går ut på å gå igjennom dagen og se etter små og store ting man kan være takknemlige for. Av og til er det vanskelig, andre ganger er det lettere. Av og til klarer vi bare være takknemlig for maten vi fikk, mens andre ganger skjer det store ting å være takknemlige for. De små tingene er viktige, og kanskje enda viktigere enn de store. De skal vi ikke ta forgitt og de er fullt så viktige å være takknemlige for. For det er fort gjort å tenke alt det vi ikke har, mens vi egentlig har mer enn nok gode ting i livene våre!

Kanskje blir det en lett øvelse i dag? Kanskje blir det vanskelig? Det er ikke en god følelse når det er krevende! Og takknemlighet skal ikke gjøres påtvunget. Man skal også få lov å kjenne på smerte og uretten, og fortelle Gud om det også. Men kanskje litt etter litt, så oppdager man at man forandres. Man klarer kanskje mer og mer å se konturene av et takknemlig liv.

TAKK!

Takk for innsatsen til alle som deltok på fasteaksjonen i Gol, Herad og Hemsedal!

Det kom inn kr. 58 928 i Gol og Herad og kr. 39 552 i Hemsedal inkludert vipps. Sammen har vi sørget for livsviktig, rent vann til enda flere mennesker.



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Takk til konfirmantene og deres foreldre, takk til frivillige medarbeidere og takk til alle dere som ga!



MOTELL - KAFETERIA - 3550 GOL

Med den gode stemningen!



SKARSNUTEN

HOTEL | BAR | RESTAURANT
HEMSEDAL

GARDSBESØK HOS GOLBERG

Mai betyr vår, og vår betyr sauelamming. I Bibelen står det om Jesus som den gode hyrde og om sauene som forsvann. Dette fekk fyrsteklassingane høyre om i Gol kyrkje, før dei fekk vere med på gardsbesøk hos Kjetil Golberg. Der hadde det akkurat kome eitt lam, og vi fekk vere med å sjå når dei to siste trillinglamma kom til verda. Så vart det tid til å sjå på og kose med både koppelam og kaniner etterpå.



Kjetil Golberg er fødselshjelpar medan Andrea Hoftun og Emilie Nordreli følger med på sauene som helsar på sitt nye lam

TEKST OG FOTO: BRITT MARIE HARALDSET HAFSÅS



Patrik Eikrehagen Ekrene kosar med koppelamma



GLINT FRÅ TRUSOPPLÆRINGA I HEMSEDAL SISTE HALVÅR

Tårnagentdag

Fastelavnssundag 11. februar inntok tårnagentane Hemsedal kyrkje. Dei løyste ulike oppdrag, før vi avslutta med karnevalsgudsteneste klokka 17.00. Der fekk vi høyre om historia til karneval, der ein bytte om på rollene i samfunnet, litt slik Gud seier at «dei siste skal bli dei fyrste».



Agentane har funne eit oppdrag som skal løysast



Hanna Thorset, Iver Møllerplass, Syver Hustad, Timmy Mediaa Lenning, Amanda Myro, Benedikte Myro, William Nygaard Gulbrandsen, Sissel Komba, Markus Randar, Torhild Elise Eikre, Rakel Thorset.



Foto: Aud Ingrid Lenning

Dåpsskule for 6-åringar

I mars var det dåpsskule for 6-åringar som vart avslutta med utdeling av 6-årsbok på gudstenesten 11. mars.



F.v. Johannes Mediaa Lenning, Nawamin Sultan Saber, Signe Thorset og Tindre Rygg Bekkevold

Babysang

Ein fin liten gjeng har samlast til babysang på Kyrkjestugo ca annakvar onsdag føremiddag gjennom vinteren. Maria Thorset har leda oss gjennom song, dans, rim og regler i veslesalen. Etterpå samlast vi rundt lunsjbordet før ungane får leike og dei vaksne slå av ein prat.



Lars Olav Haraldset Hafsås og dei andre ligg under tøystrykket og ser opp på «Stor bølge, liten bølge..»



Sangstunda avsluttast med velsignelsen og såpeboblene som daler ned over ungane – eit høgdepunkt!

GARDSBESØK HOS SOLBAKKEN

15. mai fekk åtte fyrsteklassingar kome på gardsbesøk til Kjellaug og Alf Erik Solbakken. I det nydelege sommarveret vart dei tekne godt imot av hønene som kom springande for å få mais. Her var og kyllingar som var klekte for berre tre, fire og fem dagar sidan å kose med, i det nydelege sommarveret. Inne serverte Kjellaug sjokoladekake og is. Her fekk dei høyre forteljinga om den gode hyrde, og om sauene som gjekk seg bort og synge eit par singlar. Så fekk dei ut og sjå alle dei fine nye lamma, og gi koppelamma flaske.



Kjellaug Solbakken inviterte til sjokoladekake og is. Gregers Kure, Eivind Hustad, Lars Rune Eikre, Mari Rimstad Intelhus, Malin Haugo og Sofie Hutchinson Stenholt.



Sofie Hutchinson Stenholt, Tolena Øyen Markegård og Avalon Westerbeek helsar på sauene og lammet



Fyrsteklassingane beundrar dei nyklekte kyllingane



Tuva Øyen Markegård



Sofie Hutchinson Stenholt og Lars Rune Eikre



Eivind Hustad og Lars Rune Eikre matar koppelam med flaske



Kyllingkos i tunet. F.v. Gregers Kure, Kjellaug Solbakken, Avalon Westerbeek, Tolena Øyen Markegård, Lars Rune Eikre, Sofie Hutchinson Stenholt og Mari Rimstad Intelhus



Tårnagentene på vandregudstjeneste

på jakt etter en gammel kirkenøkkel

Søndag 29.mai var det en spesiell gudstjeneste i Herad. Tårnagentene hadde et spennende opplegg i kirka og på kirkegården dagen før. På søndag var det vandregudstjeneste, og etter en innledning i kirka med flott tårnagentsang la vi ut på ei lita vandring.

Vi stoppet opp ved flere stasjoner underveis med bibellesning, meditasjon og salmesang. Ved veikrysset opp til Liagardane var skilt og Jesus som veien temaet. På andre sida av riksveien stanset vi opp ved en bekk og undret oss over hva vannet betyr. Vi samlet oss på brua over Hallingdalselva og tenkte over hvorfor vi bygger bruer – og er jeg som ei bru? På andre sida av elva så vi på et nyutsprunget tre og leste og tenkte over bildet av Jesus som treet og vi som greinene som bærer god frukt.



Så gikk vi tilbake og til den siste stasjonen på kirkegården. Her fikk tårnagentene et skattekart med bildet av ei gravstøtte, ei rive og en hage. Hvor er kirkenøkkelen gjemt? De gløgge agentene ledet oss til redskapshuset, og like ved huset er gravstøtta til familien Hagen. Bak denne støtta lå nøkkelen i en skattkiste - nøkkelen til låsen til Gol stavkirke da den ble solgt.



TEKST: JAN OLAV SKINNEMOEN
FOTO: LUDVIG MUNKEJORD/JAN OLAV SKINNEMOEN

Ole Olsen Hagen kjøpte stavkirka og hadde et ønske om at den skulle settes opp på Heslajordet. Da det ikke skjedde, solgte Ole stavkirka til Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring. Slik ble kirka berga og kom til Norsk Folkemuseum på Bygdøy. Salget av stavkirka førte også til at Herad fikk egen kirke.



Stavkirka kom til Oslo, men hva med nøkkelen? Den ble faktisk værende i Herad! Den er i trygg forvaring i Hagenslekta, og det var spennende å se hvordan den så ut! Er den lik nøklene i kommunevåpenet til Gol? Tårnagentene fant ut at de er litt forskjellige. Den originale stavkirkenøkkelen er mer forseggjort, og det er nok fordi en ikke kan få med alle detaljer i et kommunevåpen. Men det er artig at kommunen vår har stavkirkenøkkelen som sitt symbol! Takk til de ivrige og flinke tårnagentene og familien Hagen! Og etterpå var det velfortjent og god kirkecaffe på Frøysokstugu.

Vigsling av Diakon

Sundag 8.april var ein flott og viktig dag, der Martha Tomoe Frøyland blei vigsla til diakon av biskopen vår, Per Arne Dahl. Det var ei flott gudsteneste med mange ledd og element i ei nær fullsett Gol kyrkje.

Det var med på å sette ei verdig ramme på dagen og hendinga. Me i Gol er veldig glade for å ha Martha i teneste hos oss, ho gjer ein stor og omfattande jobb både blant eldre og mellom ungdom.

På denne sida har me samla eit knippe bilete frå vigslingsgudstenesta til glede for dei som ikkje var til stades denne dagen.



Konfirmanten

Konfirmant Keanu Dimpas
utenfor Herad kyrkje

Søndag 6. mai konfirmerte Keanu Dimpas seg i Herad kyrkje. Konfirmasjon er for mange en viktig og lærerik opplevelse. Før i tiden var konfirmasjon nesten som en eksamen i kristen tro, og den åpnet dørene for det voksne liv. Men i dag består konfirmasjonstiden av samlinger på bedehuset, nattcup, konfirmantleir og gudstjenester.



Godt å ha mamma Jennifer til å hjelpe seg med sløyfa



Det er viktig at alle detaljene er på plass

Når konfirmantene samlet seg på Bedehuset nede i Gol, lærte de mange nyttige og viktige ting om Gud og kristendommen, men også om fattigdom fordi de skulle forberede seg til Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon. De satt ikke rolig hele tiden, de hadde også ulike leker og kahoot (kahoot er en type quiz der det går ut på å svare riktig og så fort som mulig på ulike spørsmål).



«Gudstjenestene var litt kjedelige, og det var ikke alltid foreldrene min hadde tid til å kjøre meg opp til kirka, så det var slitsomt å gå hjemmefra og opp dit. Samlingene på bedehuset var ikke det aller morsomste heller, men ellers har konfirmasjonstiden vært veldig gøy», forteller Keanu. «Jeg synes det morsomste med konfirmasjonstiden var nattcupen. Det var moro å møte alle de andre konfirmantene fra andre steder i dalen», legger han til.



Moro å tulle litt før det blir alvor, Prest Camilla fanger øyeblikket digitalt

Keanu har var ikke så veldig nervøs på selve konfirmasjonsdagen, men til slutt slo nervene til rett før gudstjenesten startet. Før konfirmasjonsgudstjenesten startet sto alle konfirmantene utenfor kirken og pratet med venner og familie, det var ikke lenge igjen til de var ferdig konfirmerte. Kirkedørene åpnet seg og alle trakk inn i kirka, mens konfirmantene fikk på seg de hvite kappene og stilte seg opp i to rekker. Da gjensto det bare å ta de siste bildene mens kirkeklokkene ringte ferdig, før det var tid til å gå inn i kirka.



Du ska høyre mykje!

TEKST & FOTO: KJETIL TH. STOREBRÅTEN

Gol og Hemsedal hørselslag har gjeve nye teleslynger til både Hemsedal kyrkje og Kyrkjestugo i Hemsedal. Den rause gáva er alt montert og sett i drift.

Men korleis opplever dei som har utfordringar med hørselen og vera i kyrkje og forsamlingshus? Kyrkjebladet tok turen på styremøte i Gol og Hemsedal hørselslag på Øygardane grendehus for å høyra om arbeidet dei driv med, og kva dei hørselshemma opplever som mest utfordrande i kvardagen.

Utfordringar for hørselshemma

Så korleis er kvardagen for ein som er hørselshemma? Det fyrste eg sjekkar når eg kjem inn i ein offentleg bygning er om det er teleslynge der, seier styremedlem Kari Markegård. Har ikkje lokala forsterkar på teleslynga høyrer eg lite av det som skjer. Korleis er det t.d. i Hemsedal kyrkje? I kyrkja høyrer eg no veldig godt. Den nye teleslynga er betre enn den gamle. Det som er vanskeleg for meg fortset Kari, er å følgje med på salmesongen. Grunnen er at det står ein mikrofon alt for nær

orgelet, så dermed høyrer eg ikkje kva dei andre syng for noko. Utfordringar i kyrkja opplever eg også ofte ved gravferd når den som talar om den døde står vendt mot kista. Då høyrer eg ingenting. Det er difor viktig at presten og gravferdsbyrået gjev beskjed til pårørande om å bruka mikrofon.

Problemet på offentlege stader er ofte ventilasjonsanlegget seier Tore Dag Skjerdal. Og at folk pratar i munnen på kvarandre. Utan god hørsel blir du utanfor. Det er likevel store forskjellar blant oss som høyrer dårleg. Nokon høyrer greitt i store forsamlingar, og nokon er heilt avhengig av telespoler.



Rogerpennen er ei transportabel teleslynge. Brukar t.d. ein foredragshaldar Rogerpennen vil dei som har høyreapparat høyre klart alt som blir sagt.

Rogerpennen- ein revolusjon

Kari Markegård har ein samtaleforsterkar som blir kalla «Roger» penn. Det er ei transportabel teleslynge. Viss t.d. kurshaldaren har Rogerpennen rundt halsen under foredraget får Kari med seg alt som blir sagt. Rogerpennen er eit stort framsteg for hørselshemma. Med den kan eg sitte i ein bil å føre ei samtale. Då Kari fikk Rogerpennen kunne ho for fyrste gong på mange år høyre på radio igjen. Elles finns det mange typar høyreapparat. På nokon apparat kan du velje mellom forskjellige modus. t.d. tale, konsert, bil osv. Nokon har også ein app som styrer apparatet. I dag stiller dei inn apparata etter dei frekvensane der du høyrer dårleg seier Tor Otto. Ikkje som før då all lyd vart forsterka.



Styret for Gol og Hemsedal Hørselslag har faste møter på Øygardane Grendahus

Blomsterspira

Vi har stort utvalg av planter og snittblomster og vi utfører alt av binderi til alle anledninger.

Du finner oss under SPAR, Gol
908 870 28 - blomsterspira@gmail.com

f Blomsterspira

Instagram Blomsterspira

Testing hjå audiograf

Alle som skal ha høyreapparat må fyrst til audiograf. Denne bestemmer kva slags høyreinnretning som fungerer best for deg. Her i Hallingdal er det audiograf på Nesbyen. Denne utfører ein hørselstest. Audiografen testar hørselen din ved å lesa opp ulik ord t.d. om du kan høyre forskjell på bil og pil. Tor Otto har ikkje telespole enno men neste gang vil audiografen vurdere om han må ha det.

Noreg har ei sær sars god ordning for hørselshemma. NAV kostar slikt utstyr. Er du medlem i hørselsslaget er du forsikra, og du får dekkta utgiftene til nytt høyreapparat om du skulle ha mista det. Kjell Snerte fortel at han har mista tre apparat på 18 år. Dei fleste medan han dreiv i skogen. Gol og Hemsedal Hørselslag har i dag ca. 100 medlemmar. Du treng ikkje ha høyreapparat for å vera medlem og du kan også ha familiemedlemskap.



Leiar for Gol og Hemsedal Hørselslag Tor Otto Lied.

Ikkje rop til meg!

Kva kan me som høyrer gjera betre? Eg les på leppene og ansiktet, så det er viktig for meg å sjå det menneske eg pratar med seier Kari. Du skal ikkje rope men snu deg mot folk og snakke tydelig legg Tor Otto til. Roping er ofte ubehagelig. Alle bygninger bør være tilrettelagt for hørselshemmede? I rom utan gardiner



Nokon høyreapparat kan stillas inn på ulike modi så som konsert, tale, bil osv.

og med lite på veggane så høyrer me ikkje godt, seier Kari. Rom med glass og betong er verst.

Hvert øre teller

Gol og Hemsedal er i år med på aksjonen «Hvert øre teller». Ellers arbeider Hørselslaget for å få montert teleslynge i alle offentlege bygg. Dei har også såkalla Likeperson, ein person som kan hjelpe andre med å sjekke at høyreapparatet fungerer. Kari har arbeidd som dette i mange år. Mange spør meg om råd når eg er på butikken eller andre stader, og det synes eg er bra.



Kari Markegård er likemann, og kan gje råd til folk som har spørsmål om hørselshemming

Ein million høyrer dårleg

Om to år har ein million menneske dårleg eller redusert hørsel fortel leiar i hørselsslaget Tor Otto Lied.



Kjell Snerte er ein aktiv kar, og har mista tre høyreapparat i skogen. Heldigvis har han forsikring.

Ungdom er særleg utsatt på grunn av alle øyreproppar og festivalar/utestader med høg lyd. Mange yngre synes det er flaut å gå med høyreapparat. Til og med Barnehagene og SFO bør ha lydmålar og me må prate med barn og ungdom om støy og lyd.

Me ynskjer å gje folk et bevisst forhold til lyd seier Tor Otto. Me som er til stades på kino og konsertar må ha rett til å bestemme kor høg lyd det skal vera på aktivitetar me deltek på. Det er viktig å søke hjelp om du byrjar å høyra dårleg. Dei fleste søker hjelp alt for seint. Det går ofte 10 år frå du merker at du høyrer dårleg til du får hørselshjelp. Er du ærlig mot deg sjølv så veit du at du høyrer dårleg. Dei fleste har veldig mykje å henta på å få seg høyreapparat avsluttar leiar Tor Otto Lied.



Gol og Hemsedal Hørselslag: f.v. Kari Markegård (vara) Tore Dag Skjerdal, Ove Midtgård (vara) Gerd Roe, Leiar Tor Otto Lied, Olav Moen. Kjell Snerte (skjult bak Olav)

SpareBank 
HALLINGDAL VALDRES

Du finner oss i hele Hallingdal
Flå - Nesbyen - Gol - Hemsedal - Ål - Geilo

sb1.no/hallingdal • tlf. 815 03 202

KUNNGJERINGAR

DØYPTTE

Gol kyrkje:

18.03.18 Amalie June Krag Lio
01.04.18 Vega Holmen (Molde)
22.04.18 Filip Rustberggard
22.04.18 Eva Maria Nyhus-Teien
20.05.18 Thea Leona Saue Ellingsen
(Øvre Ervik)

Herad Kyrkje:

15.04.18 Knut Magnus Livgård

Nystølhovda (Torpo):

01.04.18 Lavrans Vestenfor

Lykkja kapell:

31.03.18 Agnar Haugen Spilling

VIGDE

Gol Kyrkje

19.05.18 Inger Andrea Kulild Holm og
Stian Andre Ramsevik

Herad Kyrkje

28.04.18 Tora Bjørge Lie og
Ole Kolbjørn Osøien

19.05.18 Dagny Marie Lerum og
Runar Tangen

Fausko Amfi

17.03.18 Silja Gustavsdottir og
Fredrik Tiedemann Andersen

Harahorn kapell

17.03.18 Kristoffer Johansen og
Hedvig Meydell

Hemsedal Kyrkje

14.04.18 Stine Roberg og Martin Ranhoff

DØDE

Gol kyrkje:

14.03.18 Marit Helene Pedersen f. 1930
12.04.18 Eli Helene Bakke f. 1945
28.04.18 Sissel Bakken f. 1935
30.04.18 Gunhild Braaten f. 1940
01.05.18 Sverre Knut Gabrielsen f. 1947

Hemsedal Kyrkje

07.03.18 Kjell Venås f. 1927

GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS

Bente Andreassen -
Døgnavt tlf. 480 234 77
www.golbb.no

HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ

Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen- Tlf:
97 41 41 00

HALLINGDAL GRAVFERDSBYRÅ

Steinar Aa - Tlf: 32 08 23 00
www.hallingdalgravferd.no

Høgt og Lågt - leir 30. juni - 01. juli



Leiren er for ALLE som går i 1. til 7. klasse. I år skal vi vere i Lio på KRIK Høyfjellsenter. Det blir mykje lek og moro. Leiren kostar 100kr.

Laurdag har vi ulike grupper som du kan velja mellom:

- **Kano** - vi padlar på tur
- **Sykling** - Kongevegen - KRIK (for 5. - 7. klasse)
- **Villmark** - Bål, aktivitetar og mat i det fri

Påmeldinga startar

19.mai kl. 18.00!

Ver rask med påmelding,
det kan bli venteliste.

Siste frist er 20. juni.



Overnatting

Dei som går i 3.klasse og eldre kan overnatte i telt (me ordnar telt). 1. og 2. klasse reiser heim på kvelden ca. 19.30 og kjem opp att på morgon.

Påmelding med namn, klasse, aktivitet;
1. og 2. val, om du skal overnatte eller ikkje,
tlf.nr til føresette og e-postadresse til:
sissgunn@frisurf.no

Alle påmeldte vil få nærare informasjon
om lag ei veke før leiren startar.

Leiren vert arrangert av Hemsedalsundagsskule
Årets leirkomite er Maria Thorset, Gunnar Rudningen
og Gunvor Abrahamsen

SPRELL LEVENDE

Kyrkjeskys Gol/Herad

Treng du skys for å komme deg til gudsteneste? Vi ynskjer at alle som vil komme til gudsteneste skal få moglegheit til det.

Dei som ønsker kyrkjeskys, kan ringe
tlf. 32 02 91 38 eller 47 62 76 63 nokon
dagar i forvegen.



Da vil vi så langt som råd sørge for å
hente og bringe frå dør til dør.

Skysstilbudet er gratis.

Velkommen på tur til Nesbyen Torsdag 30. august!

Det er snart tid for den årlige
sommerturen med Åpent hus. I år
skal vi besøke Hallingdal museum
og Nes kapell. Vi får omvisning i
Ole Isakbråtens treskjærerarbeid.
Etterpå spiser vi lunsj på Hagaled
Gjestegård.

Avreise med buss fra
Gol bedehus kl.10.

Påmelding til
Martha Frøyland tlf. 476 27 663
innen fredag 17. august.
Pris kr 350,-

Arr.: Diakoniutvalget i Gol og Herad

Barbo og Ola Øyneliens legat

Statuttar for legatet: Rentene av
legatkapitalen skal brukast slik:

«Dersom det er blinde eller svaksynte
i Gol kommune som treng støtte, skal
dette formål prioriterast.

For øvrig kan avkastninga brukast til
kyrkjeleg arbeid blant unge.»
Søknaden må innhalde kostnadsover-
slag over tiltak midlane er tenkt brukt til.

Søknad merka «Øyneliens legat»
skal sendast til: Gol kyrkjekontor,
Gamlevegen 4, 3550 Gol,

innan 31. juli 2018.

- Legatstyret

VELKOMEN TIL KYRKJE!

10. juni – 3. søndag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL. 11.00
Gudsteneste. Skinnemoen.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Nattverd. Osnes
Takkoffer: KRIK Hemsedal

17. juni – 4. søndag i treeiningstida

GOL STAVKYRKJE KL.11.00
Folkemusikk gudsteneste. Nattverd.
Sknemoen
Takkoffer: Arbeidet i stavkyrkja

24. juni – Jonsok

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Nattverd. Osnes
Takkoffer: Misjonsprosjekt Hemsedal

GOL CAMPINGSENTER KL. 19.00
St.Hansgudsteneste. Osnes.

1. juli – 6. søndag i treeiningstida/ aposteldagen

GOL KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste. Osnes.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

LYKKJA KAPELL KL. 11.00.
Lykkjastevnet. Raastad.
Takkoffer: Normisjon

4. juli – Onsdag

GOL STAVKYRKJE KL. 20.00
Kveldsandakt med musikkinnslag.
Takkoffer: Arbeidet i stavkyrkja

8. juli – 7. søndag i treeiningstida.

HEMSEDAL STAVKYRKJETOMT KL.11.00
Skaparverkgudsteneste.
Takkoffer: Kyrkjestugu

11. juli – onsdag

GOL STAVKYRKJE KL. 20.00
Kveldsandakt med musikkinnslag.
Takkoffer: Arbeidet i stavkyrkja

15. juli – 8. søndag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Osnes.
Takkoffer: Frelsesarmeen lokalt.

LYKKJA KAPELL KL.11.00
Song- og musikk gudsteneste v/
Frelsesarmeen.
Takkoffer: Frelsesarmeen

18. juli – Onsdag

GOL STAVKYRKJE KL. 20.00
Kveldsandakt med musikkinnslag.
Takkoffer: Arbeidet i stavkyrkja

22. juli – ingen gudsteneste

25. juli – Onsdag

GOL STAVKYRKJE KL. 20.00
Kveldsandakt med musikkinnslag.
Takkoffer: Arbeidet i stavkyrkja

29. juli – Olsok

GOL STAVKYRKJETOMT KL.11.00
Skaparverkgudsteneste. Sknemoen.
Kyrkjekaffe på museet på Skaga.
Takkoffer: Søndagsskolen Buskerud
krets.

OSET KAPELL KL.16.00
Olsokgudsteneste. Sknemoen.
Kyrkjekaffe.

1. august – Onsdag

GOL STAVKYRKJE KL. 20.00
Kveldsandakt med musikkinnslag.
Takkoffer: Arbeidet i stavkyrkja

5. august – 11. søndag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL. 11.00
Gudsteneste. Sknemoen.
Takkoffer: Sjømannskyrkja.

12. august – 12. søndag i treeiningstida

FAUSKO SKYSSSTASJON KL.12.00.
Gospelmesse Harlem GS.
Nattverd. Osnes.
Takkoffer: Musikkarbeidet i
Kyrkjelyden

19. august – 13. søndag i treeiningstida

GOL KYRKJE KL.11.00.
Gudsteneste. Osnes.
Takkoffer: Menighetsfakultetet

26. august – Vingardssøndag

HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste.
Takkoffer: Kirkens SOS

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Nattverd. Sknemoen.
50-års konfirmantane.
Takkoffer: Konfirmantarbeidet

2. september – 15. søndag i treeiningstida

GOL KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste. Sknemoen.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

HEMSEDAL KYRKJESTOGU KL.16.00
«Søndag for alle».

9. september – 16. søndag i treeiningstida

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
Gudstenestes for store og små. Osnes.
4-årsbok.
Takkoffer: Søndagsskolen i Hemsedal

HERAD KYRKJE KL 19.00
Gudsteneste med presentasjon av
konfirmantane. Osnes.
Takkoffer.

16. september – 17. søndag i treeiningstida

GOL KYRKJE KL 19.00
Gudsteneste med presentasjon av
konfirmantane. Sknemoen.
Takkoffer: Konfirmantarbeidet

NESTE KYRKJEBLAD

Nr. 4/2018 kjem ut rundt 8. september
Stoff sender ein til: oaalrust@online.no
innan 16. august

Takk for sponning av Pinseturen 2018

Hemsedal Kristelige Ungdomslag
(KUHL)



TT regnskapskontor DA
Tlf: 32 06 06 10

SpareBank 1
HALLINGDAL VALDRES

Hemsedal Kommune

Hemsedal Sokneråd

Innsamlingsaksjonen til restauring av kyrkjeorgelet i Hemsedal

Orgelkomiteen har sett seg som mål å
samle inn 120.000 kr innan utgangen
av 2018 til orgelrestauringa.

Til no har det kome inn 84.526 kr på
kontoen. Av desse har Sparebank-
stiftelsen gjeve 40.000 kr,
noko me er veldig takksame for!

Ynskjer du å bidra til å vedlikehalde
dette unike, gamle
A. Nielsen-orgelet, så gje di
gåve til knt. 2367.20.49482

Orgelkomiteen i Hemsedal
v/ Kjellaug

Skinntrekking av alterringen i Hemsedal kyrkje

Av og til må det gjerast naudsynt vedlikehald på kyrkja. Og i Hemsedal kyrkje var det tid for at skinntrekket på knefallet måtte byttast ut. Men ikkje alle kan denne kunsten. Etter å ha leita høgt og lågt fekk me til slutt anbefalt Ivar Jørgensen frå Hønefoss.

Spor av altervin og tårer

Og i slutten av april var Ivar på plass med nytt skinn, symaskin, kniv og anna nødvendig utstyr i Hemsedal kyrkje. Fyrste steg var å ta av det gamle skinnet. Her har nok mange knela for nattverd, og for å si ja til kvarandre i årenes løp. Skinnet var sprukke, og prega av tidas tann. Her var spor av altervin, tårer og farge frå ulike stoff i buksene til dei knelande.

Knefall for dei neste 50 år

Nytt skinn med fargen Old English vart skore til og forma etter bogen på alterringen. Mykje av arbeidet måtte utførast ståande på kne, men trass sine 78 år så arbeida Jørgensen raskt og effektivt. Og i løpet av eit par dagar var arbeidet ferdig, og alterringen stod klar. Så neste gong du kjem fram for å knela i Hemsedal kyrkje tenk over det flotte arbeidet som no er utført. Med godt stell går det 50 år til neste gong skinnet på knefallet må skiftast ut.

Skinnet må sys saman med ei industrisymaskin.



Det gamle skinnet var sprukke og prega av tidas tann.



Saumen blir banka med hammar etter at den er sydd.



Ivar Jørgensen jobbar medan journalist i Hallingdølen Line Sandvik dokumenterer.



Det er ein kunst å tilpassa skinnet så det blir fint rundt altarringen.